

Formannskapet 20. januar 2021 – spørsmål og svar

Trude Risnes (V):

1. *Også i år lyser Miljødirektoratet ut Klimasats-midler, til tiltak som bidreg til å kutte klimagassar. Venstre ønsker at Sogndal kommune søker midlar. Vi fremjer dette for formannskapet og ber ordføraren om å følgje opp. Første søknadsfrist er 15.februar. Venstre har fleire forslag til tiltak, som kan forankrast til politisk plattform, planstrategi, strategi for samfunns- og næringsutvikling og strategi for offentlege kjøp.*

I løpet av 2021 skal vi også meisle ut strategiar for arealbruken i vår nye kommune. På alle desse områda skal vi tenke berekraft og innsats for klimaet. Vi skal sikre natur- og miljø, god og rettvis ressursutnytting, og lokal verdiskaping.

Med klimameldinga viser regjeringa veg. Frå og med neste år skal alle nye bilar som blir kjøpt inn av det offentlege vere el-bilar. Sogndal må vere offensive og bidra til framtidretta infrastruktur for lading i heile kommunen. Når kommunen skal i gang med nye utbyggingsprosjekt framover, må vi bruke innkjøpsmakta vår og setje krav om utsleppsfrie byggjeplassar. Entreprenørane investerer i nytt utstyr, aukar kunnskapen sin og stiller sterkare i ein marknad med stadig sterkare klima- og miljøkrav. Klimasatsmidlar stimulerer til omstillinga, ved at kommunen kan søke støtte til meirkostnader. Slik bidreg vi til framtidretta, konkurransedyktige verksemder. Ikkje minst bør vi sjå etter klima- og miljøgevinstar ved å setje i stand, gjenbruke og finne ny bruk av eksisterande bygg. Det løner seg! Klimasatsmidlar kan også nyttast til tiltak for å redusere utslepp knytt til vegar, vatn, parkar og idrettsplassar. Her har vi mykje å ta fatt i!

Svar:

Tenesteeining for nærings- og samfunnsutvikling jobbar med fleire søknadar som kjem til å bli sendt til Klimasatsordninga innan fristen. Endeleg innretting og tittel på dei ulike prosjekta er ikkje klar, men dei er alle knytt til prioriterte område i eksisterande styringsdokument, samt den overordna retninga som ligg til grunn for samfunnsplanen. Det er ikkje dedikerte klimaressursar i administrasjonen endå, og arbeidet kjem i tillegg til oppfølging av strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling. Det er eit mål å fremje ei overordna sak knytt til klimaarbeidet i Sogndal kommune etter at samfunnsplanen er vedteken.

Svein Jarle Slinde (Sp):

2. *Med tanke på det som skjedde på Gjerdrum 30. desember, men og på likande saker dei siste åra i Trøndelag og på Sørumsund, stiller eg spørsmål om korleis kommunen sikrar folk og natur mot ulykker.*

Sogndal kommune har ifylgje NVE sitt kvikkleirekart heldigvis ingen førekomstar med kvikkleire, men me har fleire eksempel dei siste åra der det har oppstått både menneskeskapte og naturlege utglidingar, ras eller flaumar. Kartlegging og sikring er viktig med tanke på både tryggleik og økonomi.

Eksempel som utgraving på Skjeldestad der fylkesvegen forsvann, eller lausmasseskredet i Vetlefjorden i 2013 der store mengder matjord vart vaska vekk. Me ser og enorme skred som

har gått i Jølster og Utvik ved ekstremnedbør dei siste åra, samt dei enorme øydeleggingane i Fortunsdalen og Mørkridsdalen i 2018.

Me har og hatt eksempel der byggeproper ikkje har vore tilstrekkeleg sikra ved overtaking, noko som har ført til farar, og at kommunen har fått ekstrakostnadar med sikring i ettertid.

Korleis sikrar Sogndal kommune seg for å møte framtida på ein best mogleg måte når det gjeld katastrofar som me har vore vitne til dei siste åra? Har me system som fangar dette opp gjennom reguleringsplanfasen, byggesak eller ved samspel mot eksempelvis NVE?

Svar:

Overordna kartlegging – sikring av eksisterande bebyggelse

NVE er ansvarleg for overordna kartlegging av fareområde, og gjennomfører dette etter Plan for skredfarekartlegging. Sjå deira informasjon på NVE sine nettsider om dette [Faresonekart - kommuner - NVE](#). Her kan ein status og rapportar for kvar kommune. Det er også ei kartteneste der ein kan sjå registrerte faresoner der dei er registrert [Skrednett - NVE](#). Desse kartleggingane viser fareområde og kan bli nytta som grunnlag for førebygging av eksisterande bygg/infrastruktur, samt som grunnlag for ny byggeaktivitet gjennom plan- og byggesakshandsaming. Som det går fram av desse kartleggingane, er det mange område som ikkje er kartlagt. For Kvikkleire er det ingen kartlegging, for flaum er det gjennom ført for delar av Sogndalselva, medan det for skred kartleggingar av større område i gamle Balestrand (2014) og gamle Sogndal (2017).

Det har vore krav til tygg byggegrunn i plan og bygningslova sidan den kom, men krav til undersøkingar og dokumentasjon var tidlegare mindre og meir skjønsmessig utført. Det kan difor vere byggeområde/hus som bør vurderast på nytt ved vidare utbygging. Dette vert gjeort i samband med rulling av arealplan og eldre reguleringsplanar. Vert det kartlagt for høg faregrad er det aktuelt å sikre område i ettertid, jf. Steidjeåsen bustadfelt som ligg inne i budsjett 2021.

Ny utbygging – krav til kartlegging og dokumentasjon

Før all utbygging som krev byggjeløyve skal skje skal det dokumenterast av fagkyndige personar/firma at det er trygg byggegrunn. NVE har ulike veiledarar for dette og set konkrete krav i samband med planarbeid som opnar for bygg og viktig infrastruktur. Er eit område ikkje kartlagt frå før som vist over, og det er sannsyn for naturfare, må tiltakshavar få gjennomført t.d. geotekniske grunnundersøkingar eller eigne rasundersøkingar før planen kan bli godkjent. Det same gjeld for byggeløyve ved dispensasjon utanom reguleringsplan. Kommunen har dialog med NVE i slike saker og NVE har motsegnrett om vi skulle finne på å «strekke strikken».

For nye tiltak er det difor no strenge retningsliner og god dialog med NVE som gjer at det er liten sjanse for at det vert bygd i område med naturfare uavhengig av om områda er kartlagt frå før.

3. *Rv. 5 Gravensteinsgata, sykkelveg med fortau:*

Prosjektet var klart til utlysing seinhausten 2020, men midlane vart tatt ut av statsbudsjettet rett før utlysing. Prosjektet er viktig for Sogndal kommune med tanke på dei mjuke

trafikanter og trafikkavvikling i Sogndal sentrum, men det har og ei plusside med tanke på at kommunen ved eit slik prosjekt og kan få orden på noko av kloakkutslippet i Fjørrebu.

Har Sogndal kommune fått nokon peikepinn på når prosjektet «Rv. 5 Gravensteinsgata, sykkelveg med fortau» kan lysast ut, eller er midlane heilt i det blå?

Rv. 13 Fardal -Bondevik

Reguleringsplanen for prosjektet «Rv. 55 Bondeviki – Fardal, utbetring av eksisterande veg» vart vedteken i gamle Sogndal kommune i april 2019, med forventa prosjektoppstart i 2022.

Toppdekket med asfalt på denne strekninga vart fresa vekk i september 2019 då det heldt for dårleg kvalitet, og det er pdd. ikkje lagt noko nytt asfaltdekke.

Har kommunen fått informasjon om framdrift på dette prosjektet, må jobbspendarane køyre eller sykle lenge på freseasfalten?

Svar:

Rv. 5 Gravensteinsgata, sykkelveg med fortau:

Prosjektet fekk midlar til rundkøyring i Statsbudsjettet 2021. Det vart ikkje midlar til

Gravensteinsgata i statsbudsjettet. Det blir hjå SVV arbeidd med å finne ei løysing for å likevel kunne starte opp dette prosjektet i 2021. Det er ikkje ynskjeleg med å kun utføre rundkøyring utan å få heilheita i strekninga. Sogndal kommune er i dialog med SVV om når ein kan forvente oppstart, og vurderer parallelt korleis ein eventuelt uavhengig av prosjektet kan løyse kommunale utfordringar med kloakk og liknande.

Rv. 13 Fardal –Bondevik: Prosjektet blir lyst ut i februar/mars 2021

Gunnhild Bøyum (H):

4. *I kommunestyremøte 10.12.2020 vart fylgjande vedteke:*

« Kommunestyret ber om oversikt over eigedom, trong for bustad og vurdering av sal. Dette skal sjåast i samanheng med samfunnsplan og bustadstrategi.»

Kor langt er ein komen med dette arbeidet? Kva er status?

Svar:

Kommunen måtte starte litt frå null i 2020 med først å rigge organisasjonen for oppgåvene med utleige og forvaltning av kommunale bustader. Der har gjennom 2020 vore etablert eit bustadkontor under Plan og samfunn som skal ha eit samla ansvar for utleige av kommunale bustadar. Innfor Pleie og omsorg er det etablert eit tildelarkontor med ansvar for omsorgsbustader og tenester knytt til området.

Det har for bustadkontoret vore prioritert å etablere struktur og rutinar for tildeling, innkrevjing av husleige, oppfølging av leigetakarar, m.v, og det er etablert faste samarbeidsfora med NAV, økonomi og teknisk drift. Det vert først no sett i gang kartlegging av bustadene. Arbeidet vert som du skriv samordna med samfunnsplan og bustadstrategi slik

at vi ut frå både ut frå status for bustadmassen, definerte behov og målsetjingar – kan avgjere kva bustedar vi sel/kjøper og i kva grad vi rustar opp dei vi framleis skal eige. Vi vil nok bruke store delar av 2021 på dette arbeidet.

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap):

5. *Byggjefeltsplanane i Amla*

Svar:

Tiltakshavar har ikkje gått vidare med dei store planane. Sogndal kommune har fått ein førespurnad med spørsmål om vi kan ta kostnad med opprusting av Amblavegen, og at denne kan nyttast som tilkomst til nytt felt. Påpeikt at ei oppgradering også vil vere ein fordel for dei som er tilknytt vegen i dag. Det er så langt skissert ei nedskalert utbygging med 20-25 bueiningar. Plan og forvaltning og teknisk drift vurderer no dette og skisserer førebels minimum kr 10 mill i investeringskostnad. Det er ikkje avsett midlar til dette i investeringsbudsjett i budsjett/økonomiplanperioden. Slik oppgradering vil difor måtte avklarast politisk.

Det vert etter det vi kjenner til jobba vidare med planar ned på kaia i regi av Lerum, medan ein mindre reguleringsplan for kaupangsvegen 17 vert lagt ut på høyring i PFU 09.02.21.